



Forum Arkitekter AS
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/829 - 17/5802

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
04.05.2017

Byggesak gbnr 45/188 Manger/DPS - bruksendring til barnehage - referat frå førehandskonferanse

Tid: Torsdag 04.05.17 kl 13-13.30

Stad: Rådhuset Manger

Til stades: Ansvarleg søker Forum Arkitekter AS v/Thor Schønning og Radøy kommune ved Stian Marøy og Tonje Epland.

Bygningsstatus

Bygningen er registrert i egiedomsregisteret med bygningstype Sjukeheim.

Del av bygningen er teke i bruk som barnehage og det må søkjast om bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1 d.

Planstatus

Gjeldande plan for eigedomen er reguelringsplan for Hesthaugen, planid. 12601983000100.

Det er naudsynt med dispensasjon frå arealføremål Offentlege bygningar – pleieheim.

Det er parkeringskrav i Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 pkt 2.7 på 1 plass per 5 born.

Situasjonsplan må vise at parkeringskrav for heile bygningen er oppfylt.

Søknadstype

Tiltaket krev søknad med krav til ansvarsrett etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3.

Tiltaket vil ha krav til uavhengig kontroll etter SAK § 14-2. Bygningsstyresmakta finn å kunne unnta frå krav om uavhengig kontroll etter SAK § 14-2 a, b og c, men det vil være krav til uavhengig kontroll av brannkonsept etter SAK § 14-2 d.

Løyve frå andre styresmakter

Bygningen er ein arbeidsbygning og krev samtykke frå Arbeidstilsynet.

Søkker må avklare med Statens vegvesen om det er naudsynt å søkje utvida/endra bruk av avkjørsle.

Det er gjort merksam på at det ligg føre merknad etter tilsyn frå Miljøretta helsevern.

Teknisk forskrift

Tiltaket skal utførast i samasvar med TEK 10.

Der krav i TEK10 ikkje kan oppfyllast må det søkjast om unntak etter pbl. § 31-2. Det kan ikkje påreknast unntak som gjeld krav til branntyggleik, universell utforming og ventilasjon.

Det vart drøfta utfordringar knytt til brannseksjonering og bruken resten av bygget. Det vil være naudsynt å avklare bruk av heile bygget før brannprosjektering.

Vidare prosess

Av omsyn til sakshandsamingstida hjå arbeidstilsynet råder bygningsstyresmakta til at søknad vert sendt arbeidstilsynet så raskt som mogleg.

Tiltaket må nabovarslast.

Om ikkje alle detaljer er på plass kan det vere tenleg å søkje rammeløyve m/dispensasjon frå plan.

Samtykke frå Arbeidstilsynet og eventuelt Statens vegvesen må liggje føre før det vert søkt om IG.

Bygningsstyresmakta vil prioritere saka når komplett søknad ligg føre.

Anna

Ansvarleg søker har bedt om å få referat frå førehandskonferanse tilsendt per e-post.

Notat frå førehandskonferanse følgjer vedlagt.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20170504134521

Kopi til:

Einar Færø

Mottakrar:

Forum Arkitekter AS

Damsgårdsveien 16

5058

BERGEN